

# Ettersending formannskapet 21.06.16

---

|   |       |
|---|-------|
| PS 123/16 Månadsrapport   | s. 1  |
| PS 124/16 Ruteendringsprosessen 2017  | s. 10 |
| PS 126/16 Kjøp av gnr 19 bnr. 264 – Festetomt                                     | s. 19 |
| PS 125/16 Gjennomføring av reguleringsplan Botnavegen –<br>godkjenning av avtaler | s. 30 |

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2016/445

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

PS 123/16

Formannskapet

## MÅNADSRAPPORT MAI 2016

### Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for mai 2016 vert teken til vitende.

## BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

### *Frie inntekter*

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue utgjør det som vert kalla kommunen sine frie inntekter:

| <b>Frie inntekter</b>     | <b>Opphavleg budsjett</b> | <b>Justert budsjett</b> |
|---------------------------|---------------------------|-------------------------|
| Rammetilskott             | 244 498 000               | 249 693 000             |
| Skatteinntekter           | 212 524 000               | 208 643 000             |
| <b>Sum frie inntekter</b> | <b>457 022 000</b>        | <b>458 336 000</b>      |

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre

skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune har skatteinntekter på 103,79 mill kr ved utgangen av mai, og er ca. 700.000 kr meir enn det budsjetterte beløpet for same periode. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 457 mill kr. i 2016. Regjeringa kom med ny prognose for skatteinntektene på landsbasis ved framlegging av kommuneproposisjonen/revidert nasjonalbudsjett den 11.mai. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 458,3 mill kr ved årets slutt for Volda kommune (ca. 1,3 mill meir enn opphavleg budsjettert), og dette vart justert av kommunestyret i juni.

### Eigedomsskatt

Det vart budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Ved korrigering av budsjett 1.halvår 2016 vart dette auka til 17 mill kr.

### Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2016:

| Generelle statstilskot        | 2016              |
|-------------------------------|-------------------|
| Integreringstilskott          | 25 825 000        |
| Gr.97/investering i skulebygg | 1 311 082         |
| Omsorg                        | 3 144 829         |
| Kyrkjebygg                    | 65 309            |
| <b>Sum</b>                    | <b>30 346 220</b> |

Innvandrarkontoret har laga denne prognosen for 2016:

| Busetjingsår               | Sats       | Tal flyktningar | Budsjett 2016     | Prognose          |
|----------------------------|------------|-----------------|-------------------|-------------------|
| År 1 (2016)                | 234 000,00 | 24              |                   | 5 616 000,00      |
| År 1 (2016)                | 184 000,00 | 16              |                   | 2 944 000,00      |
| År 2 (2015)                | 220 000,00 | 49              |                   | 10 780 000,00     |
| År 3 (2014)                | 160 000,00 | 35              |                   | 5 600 000,00      |
| År 4 (2013)                | 83 400,00  | 24              |                   | 2 001 600,00      |
| År 5 (2012)                | 70 000,00  | 24              |                   | 1 680 000,00      |
| Familiesameinte 2016       | 184 000,00 | 1               |                   | 184 000,00        |
| Alternativ mottaksplassert |            | 1               |                   | 162 900,00        |
| Ekstratilskot IT 2016      | 50 000,00  |                 |                   | -                 |
| <b>SUM</b>                 |            | <b>172</b>      | <b>25 825 000</b> | <b>28 968 500</b> |

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 143.500,- større enn opphavleg budsjettert. Husbanken har truleg dei andre tilskota klare i sommar.

## Finansområdet

### Finansutgifter

Det er budsjettert med følgende utgifter på finansområdet i 2016:

|                               | Budsjett 2016     |
|-------------------------------|-------------------|
| Renteutgifter (inkl startlån) | 18 073 000        |
| Avdrag                        | 25 000 000        |
| <b>Sum finansutgifter</b>     | <b>43 073 000</b> |

### *Renteutgifter*

Det er budsjettert med kr 17.273.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg).

Prognose viser at renteutgiftene vert ca. kr 700.000 mindre enn budsjettert. Dette er i all hovudsak forklart ved at Volda kommune har tatt et låneopptak på 150 mill kr. Det er budsjettert med låneopptak på ca. 204 mill kr. Låneopptaket av dei resterande 54 mill. kr. vert truleg ikkje gjennomført før i 2017.

### *Minimumsavdrag*

Minimumsavdraget for 2016 vart redusert frå 25 mill. kr til 21,5 mill. kr av kommunestyret i juni (korrigering av budsjett for 1.halvår 2016).

### Finansinntekter

|                                | 2016             |
|--------------------------------|------------------|
| Renteinntekter formidlingslån  | 600 000          |
| Ordinære renteinntekter        | 1 500 000        |
| Utbytte Tussa                  | 3 000 000        |
| Verdiauke obligasjonsfond m.m. | 1 500 000        |
| <b>Sum</b>                     | <b>6 600 000</b> |

### *Renteinntekter*

16 juni vart det gjennomført 150 mill av det vedtekeane låneopptaket på over 200 mill kr. 100 mill. kr. av låneopptaket er førebels plassert på høgrentekonto. Vi vil ved utgangen av året nå det budsjetterte beløpet på renteinntekter.

### *Plasseringar i obligasjonsfond m.m.*

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av mai hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på kr. 57.349.000, og er ei auke på kr. 739.000 hittil i år.

## Utbytte Tussa

Volda kommune får utbytte på kr. 6.464 per aksje. Dette utgjør kr. 3.128.760 og er kr. 128.760 meir enn opphavleg budsjettet.

## 2 BUDSJETTSKJEMA 1B

### Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av februar. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

| Tekst                                       | Rekneskap 2016    | Periodisert revidert budsjett 2016 | Opprinneleg budsjett 2016 | Rekneskap 2015    |
|---|-------------------|------------------------------------|---------------------------|-------------------|
| <b>Rådmann</b>                              | <b>946 572</b>    | <b>756 395</b>                     | <b>1 660 059</b>          | <b>892 010</b>    |
| <b>Samfunn og rådgjeving</b>                | <b>450 656</b>    | <b>681 860</b>                     | <b>1 480 272</b>          | <b>851 032</b>    |
| Personal og løn                             | 3 174 850         | 2 969 272                          | 6 535 879                 | 3 256 533         |
| IKT   | 1 530 409         | 2 222 666                          | 5 121 646                 | 1 209 278         |
| Innvandring                                 | -893 610          | 478 518                            | 1 105 927                 | 135 003           |
| <b>Personal og organisasjon</b>             | <b>3 811 650</b>  | <b>5 670 455</b>                   | <b>12 763 452</b>         | <b>4 600 814</b>  |
| <b>Økonomi</b>                              | <b>3 279 474</b>  | <b>3 067 685</b>                   | <b>6 753 769</b>          | <b>3 097 462</b>  |
| <b>NAV Kommune</b>                          | <b>3 500 921</b>  | <b>3 399 248</b>                   | <b>8 158 196</b>          | <b>3 374 271</b>  |
| Stab opplæring og oppvekst                  | 7 088 751         | 10 281 328                         | 18 745 285                | 13 968 752        |
| Helsestasjon                                | 2 847 403         | 2 773 343                          | 5 997 443                 | 2 038 007         |
| Barnehage                                   | 14 398 982        | 16 655 238                         | 36 452 709                | 12 672 491        |
| Grunnskule med SFO                          | 48 311 704        | 50 578 422                         | 110 012 753               | 46 647 436        |
| Kulturskule                                 | 1 400 298         | 1 467 398                          | 3 256 121                 | 1 296 064         |
| Volda læringssenter                         | 10 305 043        | 9 932 405                          | 22 561 715                | 7 257 333         |
| <b>Opplæring og oppvekst</b>                | <b>84 352 181</b> | <b>91 688 134</b>                  | <b>197 026 026</b>        | <b>83 880 084</b> |
| Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester) | 6 597 709         | 8 371 961                          | 7 424 309                 | 3 019 711         |
| Sjukeheim 2. etasje                         | 12 067 368        | 12 343 789                         | 27 157 396                | 11 806 006        |
| Sjukeheim 3. etasje                         | 10 515 784        | 10 974 676                         | 24 175 825                | 9 974 265         |
| Heimetenester                               | 7 360 027         | 8 095 445                          | 17 751 537                | 6 958 082         |
| Heimetenester omsorgsbustader               | 14 360 124        | 14 983 411                         | 32 964 008                | 14 415 133        |
| Rus og psykisk helseteneste                 | 8 112 741         | 7 002 128                          | 15 266 006                | 7 133 207         |
| Tenesta for funksjonshemma                  | 6 056 431         | 5 112 104                          | 11 001 316                | 4 980 306         |
| Butenesta for funksjonshemma                | 12 842 985        | 14 247 643                         | 31 345 201                | 12 964 355        |
| Førebygging, rehabilitering og legeteneste  | 8 673 472         | 6 780 706                          | 15 131 513                | 5 888 745         |
| <b>Helse og omsorg</b>                      | <b>86 586 640</b> | <b>87 911 864</b>                  | <b>182 217 111</b>        | <b>77 139 811</b> |
| Kultur                                      | 1 587 694         | 2 312 091                          | 5 162 953                 | 2 228 457         |
| Servicekontor                               | 2 622 593         | 2 436 731                          | 5 441 764                 | 2 406 015         |
| <b>Service og kultur</b>                    | <b>4 210 287</b>  | <b>4 748 821</b>                   | <b>10 604 717</b>         | <b>4 634 472</b>  |
| <b>Politisk verksemd</b>                    | <b>1 151 928</b>  | <b>1 138 172</b>                   | <b>2 695 392</b>          | <b>922 209</b>    |
| Drift og anlegg                             | 7 476 808         | 4 435 960                          | 9 943 106                 | 5 486 747         |

|   |                     |                     |                     |                     |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Brann   | 3 426 715           | 3 191 984           | 7 306 154           | 2 544 029           |
| Eigedom   | 5 936 192           | 6 145 221           | 13 914 169          | 6 096 573           |
| <b>Teknisk</b>  | <b>16 839 715</b>   | <b>13 773 164</b>   | <b>31 163 429</b>   | <b>14 127 348</b>   |
| <b>Sjølvkosttenester</b>                              | <b>4 224 500</b>    | <b>-706 475</b>     | <b>0</b>            | <b>-2 571 960</b>   |
| Plan  | 1 265 851           | 1 492 263           | 3 324 205           | 896 157             |
| Landbruk  | 607 266             | 547 146             | 1 313 151           | 593 717             |
| Kart, oppmåling og byggesak                           | 1 369 201           | 730 666             | 1 371 774           | 2 034 029           |
| <b>Utvikling</b>                                      | <b>3 242 318</b>    | <b>2 770 076</b>    | <b>6 009 130</b>    | <b>3 523 903</b>    |
| <b>Barnevern</b>                                      | <b>11 634 613</b>   | <b>9 606 241</b>    | <b>18 539 580</b>   | <b>9 822 125</b>    |
| <b>SUM SEKTORANE</b>                                  | <b>224 231 456</b>  | <b>224 505 641</b>  | <b>479 071 133</b>  | <b>204 293 581</b>  |
| <b>Felles utgifter og inntekter</b>                   | <b>1 873 061</b>    | <b>-1 120 096</b>   | <b>-2 688 230</b>   | <b>2 398 684</b>    |
| <b>Sum inkludert felles utgifter og inntekter</b>     | <b>226 104 516</b>  | <b>223 385 545</b>  | <b>476 382 903</b>  | <b>206 692 265</b>  |
| <b>Finansområdet, statstilskott og frie inntekter</b> | <b>-230 053 803</b> | <b>-236 813 310</b> | <b>-476 382 903</b> | <b>-215 657 110</b> |
| <b>SUM HEILE KOMMUNEN</b>                             | <b>-3 949 287</b>   | <b>-13 427 765</b>  | <b>0</b>            | <b>-8 964 845</b>   |

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av mai.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av mai.
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2016).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2015.

Sektorane har ved utgangen av mai eit forbruk på kr. **224.231.456** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **224.505.641** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 270.000 kroner under budsjettet for bruk ved utgangen av mai. Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag 2,7 mill. kroner meir enn budsjettet ved utgangen av mai.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av mai har ei netto inntekt på kr. **3.949.287**. Dette er omlag 9,4 mill kr meir enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

### ***Personal og organisasjon***

Personal og organisasjon vil vere i balanse ved slutten av året.

### ***Økonomistaben***

Staben ventar å gå i balanse ved slutten av året.

### ***Opplæring og oppvekst***

Basert på månadsrapporten for mai 2016, reknar Opplæring og oppvekst med eit mindreforbruk på kr 750.000,- ved utgangen av året.

Det er likevel knytt usikkerheit til estimatet. Det venta mindreforbruket skuldast større inntekter enn budsjettert.

Sektoren må samstundes auke drifta ved Folkestad skule hausten 2016 utan at det blir gitt tilleggsløyving til dette. Den auka drifta skuldast nedlegging av Bjørkedal nærskule.

### **Helse og omsorg**

Forbruket ved utgangen av mai er ca 1,32 mill kr mindre enn periodisert budsjett. Dette er forventa ettersom det er vedtekne tiltak på driftsbudsjettet for 2016 som enno ikkje er sett i verk. Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

*"Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.31.mai.*

| <b>Tenesteområde</b>                       | <b>Meirforbruk</b> | <b>Mindreforbruk</b> |
|--|--------------------|----------------------|
| Stab og service                            |                    | 2.138.000,-          |
| Institusjonsteneste 2.etg                  |                    | 276.000,-            |
| Institusjonsteneste 3.etg                  |                    | 459.000,-            |
| Sentralkjøkken                             | 364.000,-          |                      |
| Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd     |                    | 736.000,-            |
| Heimetenester, omsorgsbustader             |                    | 623.000,-            |
| Rus- og psykisk helseteneste               | 1.111.000,-        |                      |
| Hamna Dagsenter                            | 482.000,-          |                      |
| Avlastingsteneste barn og unge             | 461.000,-          |                      |
| Buteneste for funksjonshemma               |                    | 1.404.000,-          |
| Førebygging, rehabilitering og legeteneste | 1.892.000,-        |                      |
| Samla                                      | 3.947.000          | 5.272.000,-          |
| Differanse                                 |                    | 1.325.000,-          |

*Mange av tenestene har forventa inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav pr 5 mnd er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.*

| <b>Tenesteområde</b>         | <b>SUM</b>  |
|------------------------------|-------------|
| Felles kommuneoverlege:      | 312.000,-   |
| Førebygging, rehab, legeten. | 2.537.000,- |
| Hamna Dagsenter              | 511.000,-   |
| Samla                        | 3.360.000,- |

*Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:*

- Stab og service: Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2015 vert belasta jan.2016. For at dette skal verte korrekt, er tilsvarande beløp ført som inntekt. Tidleg på året vil effekten av dette vere stor, men jamnar seg til fleire månader som går.

- Institusjonsteneste: Både 2. og 3 etg har mindreforbruk så langt. For andre etg har dette ei openbar årsak. Til tross for utfordrande åtferd har budsjettstyrkinga/ auka grunnbemanning til 2016 dekt drifta.
- Sentralkjøkkenet: Utgiftssida ved drifta av sentralkjøkkenet balanserer i høve budsjettet. Meirforbruket kjem i all hovudsak av at inntektene ikkje ajourførte.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: ca. 325.000,- av mindreforbruket kjem av tilskot frå helsedir. for tilrettelegging av fleire dagaktivitetsplassar for heimebuande demente.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Totalt ser det greitt ut, internt vil vi sjå nærmare på årsaker til meirforbruk på Fjordsyn.
- Hamna Dagsenter: Er nesten i balanse. Korrigert refusjon frå Ørsta ville gitt ein liten pluss på mindreforbruk.
- Avlastingsteneste for barn og unge: Tiltaket vart styrka til 2016 med 750.000,-. Ein finn meirforbruket derfor urimeleg (høgt). Eit djupdykk har vist at budsjettet for fastløn er redusert samanlikna med 2015, noko som stemmer dårleg med vedteken auke. Ein vil sjå nærmare på dette og måtte korrigere.
- Buteneste for funksjonshemma: Vart styrka til 2016 og har no mindreforbruk. Det er likevel sett fokus på noko variabel løn som eininga må jobbe med for å unngå.
- Forebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. I tabell to viser ein manglande refusjonar på to av områda i denne eininga. Dette gir samla eit anna bilete av stoda så langt

*Ferievikarposten har begrensa forbruk så langt i år, men i periodisert budsjett vil denne likevel ha ein viss storleik. På andre områder kan store kvartalsvise innbetalingar gi høgt forbruk som vil jamne seg utetter året. Etter fem månader har sektoren eit mindreforbruk, ein god tendens for rekneskapsåret. "*

### **Service og kultur**

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

### **Teknisk**

Samla sett har Teknisk sektor (inkludert tilførte midlar på 2,5 millionar ved sak 2016/850), ei forventning om å kome ut på budsjett ved årslutt, sjølv om det pr. utgangen av mai ligg inne eit mindreforbruk på ca. 400.000.



## ***Utvikling***

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

## ***Barnevernstenesta***

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjettramma.

## ***NAV***

Etter manuell korrigering for stipulert uteståande utgift til staten viser tala eit mindreforbruk på ca kr. 100.000,-. I hovudsak gjeld dette lønspostar.

## **3 OPPSUMMERING**

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av mai :

### ***Frie inntekter***

Prognose for frie inntekter er ca 1,3 mill. kr. meir enn det som var prognosen ved inngang til året.

### ***Generelle statstilskot***

Prognosen for integreringstilskot viser ca kr. 140.000 meir enn det opphavelig budsjetterte beløpet. Husbanken har dei andre tilskota klare i sommar.

### ***Eigedomsskatt***

Det vart budsjettert med 16 mill. kr i inntekt frå eigedomsskatt. Ved korrigering av budsjett 1.halvår 2016 vart dette auka til 17 mill kr.

### ***Finans***

Prognosen for renteutgifter viser ca kr 700.000 mindre enn budsjettert. Minimumsavdraget for 2016 vart redusert frå 25 mill kr til 21,5 mill krav kommunestyret i juni. (korrigering av budsjett for 1.halvår 2016).

### ***Sektorane***

Teknisk samt Opplæring og oppvekst fekk auka sine budsjettrammer ved korrigering av budsjett for 1.halvår 2016. En forventar dermed ikkje noko avvik ved slutten av året.

Rune Sjugard  
Rådmann

Henrik Skovly  
Økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

- Sektor og stabsleiarar
- Marija Ostojic
- Andreea Beleuta
- Gunnar Lillebø



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/859

Arkivkode: N02

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

PS 124/16

Formannskapet

### RUTEENDRINGSPROSESSEN 2017

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
- 2. Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
  - 15. min avgang riksvegferjer*
  - Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget jfr. saksutgreiinga, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og –20*
  - Korrespondanse Timeekspressen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.*
    - Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
    - Utfordringar gjennomgåande ruter More og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
    - Kollektivtransport Ørsta/Volda-Stryn.*
- 3. Formannskapet ber om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*

#### Vedleggsliste:

1. Brev av 20.05.16 frå samferdselsavdelinga
2. Notat frå enkeltmøte i samband med regionalt samferdselsmøte i Ålesund 28.04.2016.

#### Samandrag av saka:

Samferdselsavdelinga ber om innspel i høve ruteendringsprosessen for 2017. Det vert m.a. rådd til at formannskapet held fast på tidlegare vedtak om at tilbodet i kollektivtransporten vert styrka.

#### Saksopplysningar:

I brev av 20.05.16 frå samferdselsavdelinga går det fram at den årlege ruteendringprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bilrutene vil starte i august 2016. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2016 ;enkelte buss- og ferjeruter frå 1. januar grunna ny anbodsperiode, jfr. vedlegg1.

Det heiter i brevet at dei har framskynda prosessen og tidsplanen for å få ei meir rasjonell framdrift og eit godt sluttresultat. Dette mellom anna for få levert rutehefta ut rettidig.

Kommunar og andre som ønskjer gje innspel til prosessen blir no bedne om kome med desse. Innspela blir sende til samferdselsavdelinga som vil formidle innspela til rette instans (rutebilselskap, ferjeselskap og/eller Statens vegvesen).

I den grad kommunane har ønskje om ruteendringar, så er utgangspunktet at desse må finansierast innanfor eksisterande økonomiske ramme. Fylkeskommunen har fortida avgrensa økonomiske ressursar. Det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ein prioritet (kva er viktigast) i sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter med dårleg belegg, kan styrke forslag til auke på ruter der behovet er aukande

Tidsfristen på innspel er kort og vi har hatt vanskar med å få til ei god høyring internt i kommunen. Rådmannen har sendt brevet frå samferdselsavdelinga til aktuelle grendeutval og venteleg vil fråsegn frå dei bli ettersendt/lagt fram på møtet.

I samband med prosessen i fjor mottok kommunen innspel frå tre grendeutval: (her sitert direkte frå innspela):

**Lauvstad og Velsvik Grendautval og Dravlausbygda og Innselset Grendalag, vedlegg 3:**

*"Som leiarar i dei respektive grendalaga/-utvala på "Vestsida" har vi forhøyrert oss litt med innbyggjarane i høve ruteendringprosessen. Formidlar under dei innspela som har kome inn. Innspela gjeld rutetilbodet for ferja på strekninga Lauvstad – Volda.*

*- Ferja som i dag går kl 09.25 frå Lauvstad (måndag – laurdag) bør endrast til kl 09.20. På denne måten får til dømes dei som arbeider i butikk anledning til å kome seg på jobb til kl 10 i Ørsta.*

*- Det bør vere nattferje (Folkestad) minimum fredag eller laurdag. Helst begge dagane.*

*- Første ferje kl 06.10 laurdags morgon er lite brukt. Kva med å kutte ut denne avgangen og i staden "flytte den" til kl 00.20 på same kveld (dvs. natt til søndag). Understrekar at avgangen kl 06.10 vil vere den tidlegvakter i helsevesenet vil nytte, ein har ikkje oversikt over om det er slike som nyttar avgangen.*

*Dei foreslåtte ruteendringane knytt til ferjeavgangane vil gi eit smidigare rutetilbod for oss på vestsida."*

**Folkestad grendeutval, vedlegg 4:**

*"Folkestad Grendutval vil vise til innspel eller fråsegn som vi kom med i tilsvarende sak om ruteendringprosessen for 2015 og 2014, og vil gjenta synspunkta vi kom med i des se skriva.*

*Hovudpunkta våre mht endringsønskje er:*

*Ferjeruter Volda-Folkestad:*

*Vi ønskjer å få tilbake nattferjeavgangar , med seinare avgangar frå Volda, spesielt på dagar utanom laurdag. No er siste avgang frå Volda 23.30, og på laurdagar 00.00. Siste avgang på kvardagar/søndag bør vere 00.15 av omsyn til å kome seg over fjorden ved seine/siste fly på Vigra og på Hovden. Det er også ønskeleg med seinare avgang frå Volda laurdag kveld/natt til søndag i høve deltaking på ulike arrangement for dei som bur på sør-og vestsida av Voldsfjorden. Dette vil også tene ein aukande tungtransport-trafikk. Så er avgangen 20.00 frå Volda teken vekk relativt nyleg, men vi*

*ønskjer den tilbake på måndag-laurdag.*

*Bussruter og korrespondanse:*

*Vi gjentek vårt tidlegare ønskje om betre korrespondanse mellom bussavgangane frå Volda for Timeekspresen og avgangstidene for ferja frå Folkestad. Det har også vore sendt inn framlegg om betre busstilbod til og frå Nordfjordeid, i høve dei som pendiar dit og og som kunne reise kollektivt dersom det var buss som kom til Eid om lag 08.00 og med ein avgang frå Eid kl 16.30. Vi har tidlegare bede om ei vurdering av om Timeekspresen kunne legge om ruta frå Festøy/Solavågen til Hareid/Sulesund. Dette ville gi betre tilgang til Ålesund og Vigra i høve kollektivtransport og betre moglegheit for å kome seg heim på kveldstid enn i høve dagens busstilbod over Festøya inn til Ørsta og Volda.”*

I ei tilleggsfråsegn av 10.8.15 frå Folkestad grendeutval heiter det:

*”Fjord1 endra 1.5.2014 ferjeavgangane i dette sambandet frå 15 min over kvar time til 25 min over - og tilsvarende frå kvart på kvar time til 5 min på. Avgangstidene for Folkestadferja er ikkje endra, dette fordi avgangstidene der er samkøyrde med Lote-Anda. I praksis betyr det at bilar får 10 min kortare køyretid enn for mellom Festøya og Volda, noko som gjer at dei store bilane IKKJE rekk Folkestadferja. Iflg fartøysjef og kapteinar på Volda/Folkestad er dette dagens store korrespondanseproblem.”*

I samband med regionalt samferdselsmøte i Ålesund **Torsdag 28. april** hadde Volda kommune enkeltmøte med Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

I møtet vart m.a. fylgjande saker når det gjeld kollektivruter tekne opp

- Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane

Frå kommunen si side vart det gjort greie for desse punkta. Det vart m.a. synt til Handlingsprogrammet for samferdsel og resultatmålet om å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektiv både i og mellom fylka. Då må fastlegging av kollektivruter i større grad skje i samarbeid med og involvering av kommunane slik at rutetidene **heng saman både i og mellom fylka**. Dette gjeld både kollektiv, flyplassar, utvikle knutepunkt og ferge.

Det vart spelt inn ide om t.d. workshop i samband med ruteendringar.

Sambandet Volda-Folkestad **har riksvegstatus** og ein går såleis ut frå at denne ruta vert finansiert direkte frå staten. Det må då også vere eit minstekrav at det er korrespondanse mellom riksvegsambanda: Solavåg-Festøy, Volda-Folkestad og Lote-Anda.

Det er såleis særskilt viktig å justere avgangstider i sambandet Solavåg-Festøy avdi etter justeringa som vart gjort der frå 1/5.2014 så fekk t.d. trailerar 10 min kortare køyretid mellom Festøya og Volda – det betyr i praksis at dei ikkje rekk ferja i Volda.

Evt. køproblem i Solavågakrysset bør såleis medføre naudsynt rutejustering i Sulesund då dette er eit fylkesvegsamband.

Det har vidare kome innspel på at ein ynskjer å få attende ruta måndag-fredag frå Folkestad 1945 og retur frå Volda kl. 20.00. Det kan gjerast ved å sløyfe 2. ruta om morgonen.

### **Vurdering og konklusjon:**

Formannskapet har kvart år kravd at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna, men heller betra. Det er vidare peika på at nye samferdselsløyser (Eiksundsamband og Kvivsveg)

gir utfordringar og muligheiter for betra kollektivtilbod i regionen. Formannskapet har som følgje av dette bede om at rutefrekvensar på buss- og ferjeruter vert styrka, men fylkeskommunen sin svake økonomi har ført til innskinkingar i staden for utvidingar.

Rådmannen rår til at formannskapet held fast på tidlegare krav om at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna, men heller betra når det gjeld buss.

Når det gjeld konkrete innspel elles viser rådmannen til fråsegnene frå grendeutvala, og rår til at formannskapet sluttar opp om desse.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Er omtalt i tidlegare saker om ruteendringsprosessar

**Økonomiske konsekvensar:**

Inge for kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Evt. reduksjonar vil svekke beredskapen, betra ruter vil auke beredskapen.

**Samfunnsplan:**

Dei punkta ein har påpeikt i saksutgreiinga og framlegget til vedtak, bidreg til å oppfylle mål og strategiar i samfunnsplanen om å styrke kommunikasjonen i og til Volda og Ørsta. Det er også i samsvar med fylket sitt framlegg til handlingsprogram for samferdsel og resultatmålet om å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektiv både i og mellom fylka.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundveien 9, 6404 MOLDE  
Lavstad og Velsvik grendalag, v/Solgunn Dalsfjordvegen 15 6133 LAUVSTAD  
Sæterås  
Dravlaus og Innselset grendalag, v/Jorunn Dalsfjordvegen 625 6133 LAUVSTAD  
Beate Lillebø Lande  
Folkestad grendeutval, v/Jon-Arild Kvamme Dalsfjordvegen 4260 6120 FOLKESTAD  
Sollid

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

|               |               |
|---------------|---------------|
| VOLDA KOMMUNE |               |
| 2016/859      | Redm<br>Abnol |
| 24 MAI 2016   |               |
| Emne<br>N02   |               |



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

|             |              |                |                          |            |
|-------------|--------------|----------------|--------------------------|------------|
| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:       | Vår saksbehandlar:       | Vår dato:  |
|             |              | 35782/2016/N02 | Atle Ræstad, 71 25 86 83 | 20.05.2016 |

### Ruteendringsprosessen 2017 - Innspel frå kommunar og operatørar.

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussrutene vil starte i august 2016. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2017. Vi gjer merksam på at alle hurtigbåtruter og enkelte buss- og ferjeruter har ruteendringar frå 1. januar 2017 i samband med ny anbudsperiode.

Vi har framskynda prosessen og tidsplanen for å få ei meir rasjonell framdrift og eit godt sluttresultat. Dette mellom anna for å få levert rutehefta ut rettidiig. Fylkeskommunen har fått pålegg frå Samferdselsdept om at ruteinformasjon skal vere tilgjengeleg for kundane 4 månadar før ny ruteperiode.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir no bedne om å kome med desse. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular og trafikknemnder for også å få innspel derifrå. Innspela (buss, ferje og hurtigbåt) blir å sende samla, men spesifisert på kvart enkelt transportmiddel til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga, som vil formidle innspela til rette instans (rutebilselskap, rederi og/eller Statens vegvesen).

I den grad kommunane har ønskje om ruteendringar, så er utgangspunktet at desse må finansierast innanfor eksisterande økonomiske ramme. Fylkeskommunen har for tida avgrensa økonomiske ressursar. Det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ei prioritering (kva er viktigast) i sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter/turar med dårleg belegg, vil styrke forslag til auke på ruter/turar der behovet er aukande.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **innan 3.juli 2016**. **For transportselskap er fristen 7. august. Eventuelle innspel som kjem inn etter denne dato vil ikkje bli tatt til følgje.** Dette for å ha ein god og ryddig prosess, som vil ende opp i eit godt rutetilbod.

Med helsing

Stig Helle-Tautra  
seksjonsleiar

Atle Ræstad  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*



# VOLDA KOMMUNE

## Rådmann

# NOTAT

**Til:** Rådmann  
**Frå:** Asbjørn Moltudal  
**Sak:** Regionale samferdselsmøte

|                     |                |                  |                            |             |
|---------------------|----------------|------------------|----------------------------|-------------|
| <i>Arkivsak nr.</i> | <i>Lopenr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd / Sakshandsamar</i> | <i>Dato</i> |
| 2016/435            | 5621/2016      | N00              | ADM/ASBMOL                 | 09.05.2016  |

### REGIONALE SAMFERDSELSMØTE - NOTAT FRÅ ENKELTMØTE 28. APRIL.

I samband med regionalt samferdselsmøte på Scandic Parken Hotel, Ålesund **Torsdag 28. april** hadde Volda kommune enkeltmøte med Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

Kommunen vart tildelt tid torsdag 28. april i tidsrommet 16.30-17.00

Frå kommunen møtte: Jørgen Amdam, Ordførar  
Arild Iversen  
Odd A. Folkestad  
Asbjørn Moltudal, rådgjevar

I tillegg møtte Svein Sunde frå Gode Vegar AS.

Kommunen hadde på førehand prioritert fylgjande tema som kunne vere aktuellt å drøfte:

- Voldatunnel (eiga sak om i NTP)
- Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- Fv.40 rassikring Dalsfjorden
- Fartsreduksjon Fv. 40 Nautvik-Kornberg
- Gangveg Vikebygd skule –Haueidet.
- Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- Venterom på Folkestad ferjekai
- Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane
- Voldsfjordkryssing

Med den korte tida ein hadde til rådvelde rakk ein ikkje å kome innom alle tema som ein ynskte å drøfte.

- |   |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Voldatunnel (eiga sak om i NTP)</li></ul> |
|---|

Dette prosjektet er inne i NTP etatsforslaget høg ramme og må følgast opp politisk.





## VOLDA KOMMUNE

### Rådmann

Planarbeidet er i gang og ventast å vere ferdig i 2017/2018.  
Kommunen vil i eige brev til fylket i samband med deira høyring om NTP minne om status i etatsforslaga og be fylkestinget prioritere prosjektet.

- Gang-sykkelveg Volda-Ørsta

Statens vegvesen orienterte om at arbeidet med undergang ved E39 Egset og mellom Egset og Furene er på gang. Kommunen synte til tidlegare vedtak som er gjort i Fylkestinget om samanhengande gang- og sykkelveg mellom Ørsta og Volda.

- Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum

Vart ikkje spesielt drøfta i møtet då der no er ein eigen prosess i samband med miljøgate.

- Fv.40 rassikring Dalsfjorden

Kommunen minna om Fylkestingsvedtak m.a. 09.12.2013:

*"I samband med fullfinansiering og fullføring av Røyr-Hellesylt byggetrinn 3 vil det i komande år bli fristilt skredsikringsmidlar til andre prosjekt. Av slike mindre prosjekt jfr. rassikringsplanen avgrensa til 10 mill som kan gjennomførast raskt, vil fylkestinget spesielt rasutsett strekning FV 40 i Dalsfjorden."*

Kommunen peika vidare på at det særleg 5 punkt i området som er avgjerande å få sikra, Ein minte i tillegg til sikring for dei fastbuande som til dagleg ferdast på vegen også om at der er gjort store investeringar omkring oppdrett i Dalsfjorden.

Det er no avgjerande å få planlagt dei aktuelle prosjekta og kommunen opplyste at ein kunne vere ville til å bidra for å få gjort den naudsynte planlegginga.

Statens Vegvesen v/Tønnesen ville ta tak i saka og kome med ei attendemelding til kommunen om vidare framdrift.

- Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane

Odd A. Folkestad gjorde greie for desse punkta frå kommunen si side. Han synte m.a. til Handlingsprogrammet for samferdsel og resultatmålet om å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektiv både i og mellom fylka. Då må fastlegging av kollektivruter i større grad skje i samarbeid med og involvering av kommunane slik at rutetidene heng saman både i og mellom fylka. Dette gjeld både kollektiv, flyplassar, utvikle knutepunkt og ferge. Det vart spelt inn ide om t.d. workshop i samband med ruteendringar.

Sambandet Volda-Folkestad har riksvegstatus, og det må vere eit minstekrav at det er korrespondanse mellom riksvegsambanda: Solavåg-Festøy, Volda-Folkestad og Lote-Anda. – At det er særst viktig å justere avgangstider i sambandet Solavåg-Festøy er avdi etter justeringa som vart gjort der frå 1/5.2014 så fekk t.d. trailerar 10 min kortare køyretid mellom Festøya og Volda – det betyr i praksis at dei ikkje rekk ferja i Volda. - Etter kl 1930



## VOLDA KOMMUNE

### Rådmann

er det timesavgangar i dette sambandet, difor blir tungtrafikken «tvinga» til å køyre dei 39km ekstra det er å køyre via Kvivsvegen og til Lote. Reiarlaget Norled, kommunen – har motteke protester frå transportselskapa om at dette må endrast. Evt. køproblem i Solavågkrysset må medføre naudsynt rutejustering i Sulesund som er et fylkesvegsamband.

- **Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum**

Eigen prosess der kommunen har kome med innspel til SVV gjennom andre arenaer t.d. skriv d.s.22.04.2016 Arkivsak 2015/1737.

- **Voldsfjordkryssing**

Odd A. Folkestad orienterte om det nye selskapet.

- **Venterom på Folkestad ferjekai**

OAF orienterte om den konflikta som tilsynelatende har oppstått mellom eigaren av venterommet og Statens vegvesen. Statens vegvesen har sagt opp avtalen og kravd bygget fjerna. Sakshandsamar i saka hos SVV er Kari Ødegård/Linn Hilde Haukeberg. Eigaren av venterommet – Roar Fylling – har no halde venterommet stengt i om lag 1 måned. Sett frå kommunens side er dette heilt uakseptabelt. Kommunen krev at venterommet straks vert opna igjen, og at SVV sørger for at det på Folkestad er et tilfredsstillande venterom/toalettilbod vidare framover.

- **Fartsreduksjon Fv. 40 Nautvik-Kornberg**
- **Gangveg Vikebygd skule –Haueidet.**

På grunn av tida vart det ikkje høve til å ta opp desse punkta.

Kommunen etterlyste elles svar på skriv d.s. 11.02.2016 vedkomande "Riksvegferjestrekninga Volda-Folkestad - Kommenterar til rutetabell frå 2020."

Det vart mint om at ferjestrekninga Volda-Folkestad er eit riksvegsamband og brevet vert difor også sendt samferdselsdepartementet.

Volda 06.05.2016

Asbjørn Moltudal  
Rådgjevar

Lauvstad og Velsvik Grendautval v/Solgunn Sæterås  
og Dravlausbygda og Innselset Grendalag v/ Jorunn Beate Lillebø Lande

Dato: 19. juni 2016

Volda kommune v/Asbjørn Moltudal

#### INNSPEL TIL RUTEENDRINGSPROSESSEN 2016

Som leiarar i dei respektive grendalaga/-utvala på "Vestsida" har vi forhøyrt oss litt med innbyggjarane i høve ruteendringssprosessen. Formidlar under dei innspela som har kome inn. Innspela gjeld rutetilbodet for ferja på strekninga Lauvstad – Volda.

- Ferja som i dag går kl 09.25 frå Lauvstad (måndag – laurdag) bør endrast til kl 09.20. På denne måten får til dømes dei som arbeider i butikk anledning til å kome seg på jobb til kl 10 i Ørsta.
- Det bør vere nattferje (Folkestad) minimum fredag eller laurdag. Helst begge dagane.
- Første ferje søndag morgon går kl 0820. Sjukepleiarar på omsorgsenteret og sjukehuset startar kl 07.00 på morgonen. Det bør setjast opp ein ferjeavgang tidlegare søndag morgon for å legge til rette for at også personar denne yrkesgruppa kan busette seg på vestsida. Vi føreslår kl 06.20. Avgongen laurdag morgon kl 06.10 kan endrast til 06.20.
- Første fly frå Hovden går kl 06.25, samstundes som første ferje frå Lauvstad legg til kai i Volda. Det hadde vore ønskjeleg om ein kunne rekke denne flyavgongen utan å vere avhengig av overnatting i Volda. Dette kunne ein fått til om første ferje vart flytta frå kl 06.00 frå Lauvstad til kl 05.45.
- Ferjetidene bør tilpassast rutetidene til Timeekspresen og Festøy-ferja best mogleg.

Dei føreslåtte ruteendingane knytt til ferjeavgongane vil gi eit smidigare rutetilbod for oss på vestsida.

Venleg helsing

Grendalaga/-utvala på Vestsida v/leiarane



# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/559

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

PS 125/16

Formannskapet

## INNLØYSING AV FESTETOMT GNR 19 BNR. 264

### Administrasjonen si tilråding:

1. Formannskapet godkjenner avtale med eigarar av gnr. 19 bnr. 264 slik den går fram av vedlegg 1 i denne saka.
2. Volda kommune krev skjøn.

### Vedleggsliste:

1. Avtale med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 festetomt 264
2. Festekontrakta d.s. 26. juli 1969
3. Tilbod om ny festekontrakt d.s. 04.04.2016
4. Skriv frå Røysgarden sameige

### Samandrag av saka:

Volda kommune har sidan 1969 festa den såkalla «Elvetomta», eit areal ved Porsemyrvegen. Arealet har vore og er nytta til reduksjonsventil for vassverket.

Det vert tilrådd at kommune kjøper arealet og at prisen vert fastsett ved skjøn.

### Saksopplysningar:

Volda kommune har sidan 1969 festa den såkalla «Elvetomta», eit areal ved Porsemyrvegen. Arealet har vore og er nytta til reduksjonsventil for vassverket.

Det går fram av festekontrakta som fylgjer vedlagt til vitande at den trer i kraft frå 01.04.1966 og at festetida er på 50 år.

Kontrakta har såleis gått ut, og kommunen fekk tilbod om ny kontrakt. *Vedlegg nr 3*

I telefonsamtale med grunneigar 14.04.2016 signaliserte kommunen at vi ynskjer å løyse inn festetomta Gnr 19/264.

Med bakgrunn i kontakta den 14.04 mottok kommunen svar på førespurnaden der det vart gjort greie for føresetnad, historikk og til sist vert det gjeve eit tilbod på pris for arealet. Skrivet fylgjer vedlagt til vitande *Vedlegg nr. 4*

Kommunen bad så om eit forhandlingsmøte for om mogleg å kome fram til semje om vilkåra for kjøp. Møtet vart helde på rådhuset 6. juni 2016. Partane var usamde om pris for arealet, men gjekk likevel inn avtale om overdraging av arealet frå 01.04.2016 og at erstatninga skal fastsetjast ved rettsleg skjøn. *Vedlegg nr. 1*

Kostnadene vert først kjent når resultatet av skjønet er halde. Grunnkjøpet vert å finansiere over sjølvkostområdet for vassverk og belastar ikkje den ordinære kommunale drifta. Godkjenning av skjøn og finansieringa over sjølvkostområdet vert å kome attende til i eiga sak for kommunestyret.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunen har framleis trong om arealet for å ha reduksjonsventil. Rådmannen har difor vurdert saka slik at det då er best for framtida å sikre arealet til det offentlege sitt eige. Det vert såleis rådd til at vedlagde avtale vert godkjent. Volda kommune sin prosessfullmektig vert advokat Reidar Andresen.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Sikring av ei god vassforsyning er viktig for folkehelsa.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kostnadane vert å dekkje over sjølvkostområdet for vassverk.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

God vassforsyning er viktig for beredskapen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådmanngjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Advokat Bjørn Kristian Hove  
Boks 815, sentrum  
6001 Ålesund

Advokat Reidar Andresen  
Grimmergata 5,  
61002 Ålesund

Teknisk sektor, her



Etter forhandlingar mellom Volda kommune og grunneigarane tilhøyrende Gnr. 19 bnr. 264 i Volda kommune, er det inngått slik:

## AVTALE

1. Grunneigarane tilhøyrende Gnr. 19 bnr. 264 i Volda kommune, overdreg til Volda kommune ca 267,8 m<sup>2</sup>, slik det går fram av vedlagte kartutsnitt der arealet er merka med raud farge
2. Partane er samde om at vederlaget for grunnavståinga skal fastsetjast ved rettsleg skjøn, jf. skjønnsprosesslova § 4.

Partane er vidare samde om at erstatninga skal fastsetjast i samsvar med ekspropriasjonsrettslege reglar, og ekspropriasjonsrettslege reglar skal også gjelde i spørsmålet om sakskostnader.

Volda kommune dekkjer grunneigarane sine kostnader til juridisk hjelp i høve avtalen og seinere skjøn.

3. Volda kommune overtek grunnen seinest innan 1. april 2016.
4. Volda kommune pliktar så snart som praktisk mogleg å krevje skjøn for Søre Sunnmøre tingrett. Volda kommune dekkjer kostnaden med skjønnet.
5. Partane er vidare samde om at verdsetjingstidspunktet skal vere avheimlingstidspunktet.
6. Grunneigarane tilhøyrende Gnr. 19 bnr. 264 plikter mot oppgjer etter rettskraftig skjøn å underteikne skøyte over ervervsarealet, klart for tinglysing og fritt for pengehefte og andre hefte som kan stå i vegen for kommunens bruk. Skøyte blir utarbeidd av Volda kommune.

Volda kommune har og samsvarende plikt til å tilby oppgjer slik fastsatt ved skjønnet, og seinast 1 månad etter at rettskraftig skjøn ligg føre.

7. Denne avtalen er bindande for grunneierne ved underteikning og for Volda kommune ved godkjenning i rette styreorgan.

\*\*\*

Volda, ..... 2016



JUDICIA

Grunneierne tilhørende Gnr. 19  
bnr. 264 i Volda kommune

  
Jon Inge Halkjelsvik

  
Kolbein Halkjelsvik

  
Helge Halkjelsvik

også for  
Ragnar Halkjelsvik


Volda kommune  
v/ordføreren




1:1000


05.04.2016



Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.



Formularen er godkjent av  
Den Norske Stats Husbank  
som bankens skjema nr. 25.



## FESTEKONTRAKT

§ 1.

Partene og tomta.

Undertegnede Jon Røys Halkjelsvik

født 11/5-1920 som eier av eiendommen Halkjelsvik

gnr. 19 bnr. 2

Eiendommens navn (evt. veinavn og nr.) gnr., bnr., skyldmark eller gatenavn og nr.

i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke

fester herved bort til Volda Kommune

født: ~~en~~ ~~tomt~~ stor 267,8 m<sup>2</sup> av eiendommen.

§ 2.

Nærmere bestemmelse og beskrivelse av tomta.

Stykket, kalla "Elvetomta" bnr. 264, har dei mål og grenser som er beskrevne i målebrev av 12/2-1969, og skal nyttast til reduksjonsventil for vassverket.

§ 3.

Festeavgiften.

I festeavgift betaler lesteren årlig kr. 107,- kroner et hundre og sju beregnet etter 4 % om året av en tomteverdi kr. 10,- pr. m<sup>2</sup>.

Festeavgiften betales ~~hvert~~ <sup>for</sup> årlig ~~for~~ <sup>for</sup>skuddsvis hvert års 1. april. Grunnleiga kan regulerast kvart 20. år i samsvar med rentenivået og eller endringer i eiendommens verdi.

1) Festekontrakten må stemples (forsynes med stempelmerket) innen 30 dager etter utstedelsen. Når festekontrakten sendes til tinglysing må:

- avskrift av kontrakten med alle påtegninger og underskrifter m. v. medsendes,
- tinglysingsdommeren anmodes om å påføre kontrakten anmerking om heftelser (pengeheftelser, grunnbyrder o. l.),
- et tilstrekkelig beløp til tinglysingsgebyr, attestgebyr og returporto medsendes.

Rettt kopi bekreftes:  
*S. Grodahl*



Nr. 39 a.  
PÅ LAGER: SEM. Ø. STENTRØN 14.02.02  
4-54.

24

11/10/69 00/0  
1/25

§ 4.

Sikkerheten for festeavgiften.

Til sikkerhet for festeavgiften forbeholder grunneieren seg pantedrett i de bygninger som oppføres på tomten.

Hvis bygningen(e) er pantsatt til Den Norske Stats Husbank, skal grunneieren til en hver tid dog bare ha prioritet for forfallede avgift for inntil ett år (foruten retten til fremtidig avgift).

Hvis festeavgiften ikke betales i rett tid, er grunneieren berettiget til uten søksmål å inndrive den forfallede avgift og å sette bygningen(e) til tvangsauksjon.

§ 5.

Festetiden.

Festetiden skal være 50 år.

Etter festetidens utløp skal festeren ha rett til å innløse tomten etter dens verdi på løsningsdagen med fradrag for verdiøkning som følge av påkostninger og forbedringer bekostet av festeren og dennes forgjengere, dersom ikke grunneieren vil forlenge festekontrakten på rimelige vilkår eller etter lovlig skjønn overtar bygningen(e) på tomten og godtgjør verdiøkningen av tomten som følge av påkostninger og forbedringer bekostet av festeren og dennes forgjengere.

§ 6.

Overdragelse eller pantsattelse av festeretten.

Festeren er berettiget til å overdra eller pantsatte festeretten i henhold til denne kontrakt, når dette skjer i samband med overdragelse eller pantsattelse av bygningen(e) på tomten.

I tilfelle av tvangs salg av bygningen(e) er kjøperen berettiget til å overtare festeretten.

§ 7.

Særlige vilkår så lenge det hviler lån på bygningen(e) på tomten av Den Norske Stats Husbank.

Så lenge det hviler lån på bygningen(e) på tomten av Den Norske Stats Husbank skal:

- Feste kontrakten ikke utløpe selv om kortere festetid er avtalt.
- Tomten ikke kunne forlanges ryddet.
- Festeavgiften ikke kunne forhøyes uten bankens samtykke. Då i samsvar med § 3.
- Husbanken eller kommunen i tilfelle av festeledighet være berettiget til å sette inn ny fester på de opprinnelige vilkår for den gjenværende del av festetiden eller evt. lånets løpetid.

§ 8.

Spesielle vilkår.

Skulle det oppstå skade på omliggende eiendom grunna dei tekniske anlegg på tomten, skal dette erstattast av kommunen.

I mangel av minneløse avtale, vert godtgjersla å fastsette av



ei voldgiftsnevnd på 3 medlemmer, der kvar av partane vel sin representant og dei saman vel den 3.. Vert partane ikkje samde om val av representant nr. 3, skal han oppnemast av sorensskrivaren i Nordre Sunnmøre. Volda kommune ber kostnaden med skjønnet.

Sverre Hågensen sin byggesett av 4/10-1960 (kart og oppmålingsforretning 22/4-1960) på Halkjelsvik gnr. 19 bnr. 2 vert å redusere i samsvar med denne kontrakt (målebrev og festeavgift).

*Sverre Hågensen*  
Kjøper

§ 9.

Dekning av utgifter i samband med bortfestingen.

Utgiftene til måling og kartlegging av tomten samt stemping og tinglysing av feste kontrakten bæres av festaren.

§ 10.

Ikrafttreden.

Denne kontrakt trer i kraft 1. april 1966.  
Første forfallsdag betales avgift bare for den tid som kontrakten har vært i kraft.

Denne kontrakt er utferdiget i to eksemplarer, som grunneieren og festeren hver har ett av.

Som grunneier:

Som fester:

Volda den 26. juli 1969

Volda den 26. juli 1969.

*Jon P. S. Sørensen*  
(grunneier)

*E. H. Halkjelsvik*  
(fester)

Herved bekreftes at grunneieren har underskrevet kontrakten i vårt nærvær og at han er over 21 år.

Herved bekreftes at festeren har underskrevet kontrakten i vårt nærvær og at han er over 21 år.

1. *Erik Halkjelsvik*  
2. *Edvin Wangen*

1. *Sigurd Fjell*  
2. *Edvin Wangen*



25

Røysgarden sameige

Kyrkjegata 15,

6100 Volda

Volda kommune

v/ordføraren og rådmannen

Volda, 04.04.2016

### **Vedr. Gbr. 19/264 i Volda kommune: utgått festekontrakt**

Festekontrakten på Gbr. 19/264, som Volda kommune har hatt på areal frådelt frå moderbruket Gbr. 19/2, den såkalla *Elvetomta*, gjekk ut 01.04.2016. Kommunen nyttar tomta til ein fast installasjon for det kommunale vassverket. Vi har ikkje høyrte noko frå festaren i denne saka, men går ut frå at kommunen ønskjer å nytte seg av tomta også i framtida.

Våren 2014 gjekk ein annan festekontrakt på vassverket ut. Det var kontrakten på sjølve *Vasskumetomta* Gbr. 19/2/89. Tidleg i den saka, ønskte kommunen å feste tomta vidare basert på den gamle festeavtalen, jf. brev til oss av 15.07.2014 frå kommunen ved rådmann Rune Sjurgard og rådgjevar Per Ernst Lundberg. I samsvar med dette ønsket, då altså framsett i forhold til ein annan festekontrakt på vassverket, tilbyr vi no å inngå ein ny, moderne festekontrakt på Gbr. 19/264 for nye 50 år basert på dei same vilkåra som i den gamle festeavtalen på Gbr. 19/264, *Elvetomta*, men no med 10 års reguleringsintervall i staden for 20 år.

Etter etablert tomteverdi i dette området, så vil ny, årleg festeavgift for dei første 10 åra då bli på kr. 20.647,-.

Vi ber Volda kommune snarast om å stadfeste ny avtale med slik regulert festeavgift og endra reguleringsklausul. I motsett fall ber ein om at tomta vert rydda, jf. Tomtefestelova sine reglar.

Mvh.


Røysgarden sameige

-grunneigarane Gbr. 19/264-



1:1000

14.04.2016



Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.

## Vedr. eventuell innløsning av festetomt Gbr. 19/264:

*Vi viser til telefonsamtale med Asbjørn Moltudal 14.04.2016:*

*Moltudal tok kontakt med oss for å presentere Volda kommune sitt ønske om å løse inn festetomta Gbr. 19/264 i staden for å inngå ein ny 50-års festekontrakt på arealet. I samband med dette, vart det frå kommunen sin side bede om ei generell orientering om den aktuelle tomta, t.d. historikk og prisnivå:*

### **Føresetnad:**

Den aktuelle parsellen som det er tale om her, ligg i Porsemyrvegen og er matrikulert som Gbr. 19/264. Etter det offisielle målebrevet (vedlegg 4) og den utgåtte festekontrakten på parsellen (vedlegg 2), så har tomta ein storleik på 267,8 m<sup>2</sup>. I det første brevet til kommunen (04.04.16) vedrørende eventuell ny festekontrakt, brukte vi feil storleik på tomta. Vi tok utgangspunkt i nettstaden *Sunnmørskart* som opererer med ein storleik på vel 252 m<sup>2</sup>. Dette er feil. Vi ber om at det offisielle målebrevet vert lagt til grunn frå no av.

Dersom Røysgarden sameige skal avhende denne tomta til Volda kommune, så skal det skje gjennom minneleg inngått avtale mellom partane basert på den etablerte marknadsprisen i det aktuelle området.

### **Historikk:**

Opphaveleg var denne parsellen ein del av Sverre Hågensen si bustadtomt, festetomt Gbr. 19/2/88 på Gbr. 19/2, jf. målebrevet vedlegg 1. Ved ei oppgradering av det offentlege vassverket tidleg på 60-talet, kom det ein førespurnad frå Volda kommune til tomteeigaren om avståing av eit areal av denne bustadtomta, jf. vedlegg 3. Arealet skulle brukast til eit bygg for ein trykkreduksjonsventil for vassverket. Etter semje mellom festar og bortfestar, vart det gitt slikt løyve til kommunen. Parsellen vart deretter frådelt bustadtomta og moderbruket som ei eiga tomt, jf. målebrev på parsellen vedlegg 4. Parsellen vart matrikulert som Gbr. 19/264.

Festaren gav med dette avkall på potensielt garasjeareal på bustadtomta si. Som kompensasjon for dette, gav bortfestaren han løyve til gratis å plassere ein garasje nede ved Anders Vassbotnvegen. Denne garasjen er også i bruk i dag av noverande eigarar av bustadtomta, Mari Heltne og Lars Arne Nilsen.

### **Pris:**

I samsvar med den utgåtte festekontrakten på Gbr. 19/264, vart festeavgifta siste gong minneleg regulert 01.04.06 basert på ein marknadsverdi i området på kr. 750,- pr. m<sup>2</sup>.

Dei noverande eigarane av bustadtomta, som den aktuelle parsellen opphaveleg var ein del av, løyste inn bustadtomta, Gbr. 19/905, 15.12.10 basert på ein marknadspris i området på kr. 1.145,- pr. m<sup>2</sup> (des. 2010). I følge Statistisk sentralbyrå, så auka prisen på bustader i Volda sentrum med 43% i femårs-perioden 2009-2014. Marknadsprisen ved oppgjerstidspunktet for denne tomta (Gbr. 19/905), tilseier såleis ein marknadspris pr. m<sup>2</sup> i dette området i dag på rundt kr. 1.700,- pr. m<sup>2</sup>.

I 2013 inngjekk kommunen ei rekkje avtalar om innløyising av grunn frå bustadtomter rundt den nye rundkøyringa i Storgata. Kommunen erstatta dei aktuelle grunnverva basert på det såkalla Uppheim-skjønet i 2010. Prisen på kr. 1.350,- pr m2 vart i det skjønet fastsett pr. 01.12.08. Kommunen indeksregulerte denne kvadratmeterprisen med basis 01.12.08 i høve til oppgjerstidspunktet for kvar av desse grunnverva rundt rundkøyringa.

Den kommunale innløyisinga av desse noverande vegareala, løyste ut ei svært stor bølge av innløyising av festetomter i Porsemyrvegen og Storgata. Meir enn 10 bustadtomter vart innløyste i perioden 2014 til no i 2016. Den næraste av desse innløyste eigedomane (Gbr. 19/544), ligg berre 50 meter frå Gbr. 19/264. Alle desse tomtene vart avhenda med tilsvarande pris pr. m2 som Volda kommune hadde betalt for bustadarealet som gjekk med til den nye rundkøyringa, altså indeksregulert Uppheim-skjønet med prisfasttsettingstidspunkt 01.12.08.

Sjølv om den frie marknadsprisen pr. m2 i dag i Storgata/Porsemyrvegen, sannsynlegvis er høgare enn indeksregulert Uppheim-skjønspris, så er vi viljuge til å avhende Gbr. 19/264 til denne prisen som Volda kommune sjølv har initiert for dette området. Indeksregulert Uppheim-skjønspris er pr. mars 2016 på kr. 1.556,- pr. m2. Ved snarleg avtale om innløyising og oppgjær, står dette tilbodet fast. Ved eventuelt seinare oppgjerstidspunkt skal nyaste indeks brukast i det monn den aukar prisen pr. m2. Tilbodet kan ikkje leggjast til grunn ved eit eventuelt oreigningsskjoen.

Vi ser fram til vidare konstruktive samtalar basert på dette tilsvaret på kommunen sine melde behov.

Mvh.

Røysgarden sameige

- Vedlegg:**
1. Opphavelog målebrev på Gbr. 19/2/88, «Hågensentomta», av 22.04.60
  2. Opphavelog festekontrakt på Gbr. 19/264, av 01.04.66
  3. Fråsegn frå Volda kommune, av 22.04.60
  4. Målebrev på Gbr. 19/264, av 12.02.69



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2014/1753

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

PS 126/16

Formannskapet

### GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN BOTNAVEGEN - GODKJENNING AV AVTALAR.

#### Administrasjonen si tilråding:

Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 22 bnr. 2 og 8 ,gnr. 27 bnr. 1 og 19, gnr. 27 bnr. 3, gnr. 27 bnr. 8, gnr. 27 bnr. 9, gnr. 27 bnr. 12, gnr. 27 bnr. 16, gnr. 27 bnr. 20, gnr. 27 bnr. 28 , gnr. 27 bnr. 30, gnr. 27 bnr. 130, gnr. 28 bnr. 1, gnr. 28 bnr. 4, gnr. 28 bnr. 5, gnr. 28 bnr. 6, gnr. 28 bnr. 9 og gnr. 30 bnr. 7, vert godkjende slik dei ligg føre i **vedlegg 2 til 18** i denne saka.

#### Vedleggsliste:

1. Reguleringskart for «Botnavegen» eigengodkjend 22.05.2014
2. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 28 bnr. 2 og 8
3. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 1 og 19
4. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 3
5. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 8
6. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 9
7. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 12
8. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 16
9. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 20
10. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 28
11. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 30
12. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 27 bnr. 130
13. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 28 bnr. 1
14. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 28 bnr. 4
15. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 28 bnr. 5
16. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 28 bnr. 6

17. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 28 bnr. 9

18. Avtale mellom Volda kommune og eigar av gnr. 30 bnr. 7

### **Uprenta saksvedlegg:**

#### **Samandrag av saka:**

Det vert rådd til at formannskapet godkjenner vedlagde avtalar om areal med eigarane langs Botnavegen i samband med utbetring av den kommunale vegen frå fylkesvegen til snuplass ved Botnasanden.

#### **Saksopplysningar:**

Kommunestyret vedtok i møte 22.05.14, sak 71/14, reguleringsplan for Botnavegen. Denne planen legg til rette for utbetring av kommunal veg på om lag 2 km frå fylkesvegen til snuplass ved Botnasanden.

Kommunestyret har løyvd midlar til prosjektet i 2016 og 2017 med til saman kr. 5 mill. Prosjektet er no under prosjektering og planen er at det no i juni vert ferdigstillt komplett grunnlag til anbodskonkurranse på utføring

Det vart halde eit orienteringsmøte med grunneigarane på **Volda rådhus 09.05.2016** der det vart orientert om prosjektet. I dette møtet vart det frå begge partar sett fram ynskje om at erstatninga av turvande areal skal fastsetjast ved friviljug skjøn etter §4 i skjønsløva.

Det vart såleis den 12.05.16 sendt brev til grunneigarane med oppmoding om avståing av naudsynt areal til gjennomføring av planen. Likelydande førespurnad vart sendt alle aktuelle partar i planområdet.

Når avtalen er godkjent i formannskapet vil det verte kravd skjøn, og advokat Reidar Andresen vert kommunen sin prosessfullmektig.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunen har no motteke signert avtale frå alle aktuelle grunneigarar. Avtalane med kart fylgjer vedlagt denne saka som saksgrunnlag.

Totalt areal som må løysast inn til vegføremålet er om lag 11.400 m<sup>2</sup>.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Er avklart i k-sak 71/14-

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Kostnadane med ervervet vert belasta prosjekt xxxxxxxx – Botnavegen

#### **Naturmangfaldlova:**

Er avklart i k-sak 71/14

#### **Samfunnsplanen:**

Er i samsvar med samfunnsplan.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgevar





**Utskrift av endeleg vedtak:**

Advokat Bjørn Kristian Hove  
Boks 815, sentrum  
6001 Ålesund

Advokat Reidar Andresen  
Grimmergata 5,  
61002 Ålesund

Teknisk sektor, her





Reguleringsplan Botnavegen slik det går fram av planetske, plankart og foresøgnr datert 10.04.2014 vort godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

For Administrasjonsseksjonen  
Per Helge, Planlegger  
S.T.M. *Per Helge*



**Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

- Veg
- Ferje
- Gang- og sykkelveg
- Armen veggrunn - grøntareal
- Armen barogrunn - grøntareal

**Reguleringsplan-Landbruks-, søler- og fruktstomål og reindrift**

- Landbruksareal for nødvendige tiltak for LNF
- Vann av teknisk eller teknisk

**Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)**

- Sikringsone - Foss
- Bebyggelse eller teknisk anlegg

**Reguleringsplan-Foresøgnsområde (PBL2008 §12-7)**

- Foresøgnsområde

**Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008**

- Selvsikringsgrense
- Bebyggelsesgrense eksisterende
- Forsøgnsgrense

**Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**

- Planlagt bygge- og utbyggingsområde
- Planlagt utbyggingsområde
- Ferdegrense
- Regulert sølerlinje
- Regulert fruktstomål
- Regulert sølerlinje
- Regulert fagingsgrense

Kartprosjekt 1:10 000  
Planetske og plankart 1:10 000

**REGULERINGSPLAN**  
**Botnavegen**  
MED TILBUDENDE BYGNINGSBESTEMMELSER

Lørdag 02  
Planid: 2010100  
Arkiv: 20110100

**SAKSBEHANDLING I L.L. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN**

Kategori:

|  |           |          |    |
|--|-----------|----------|----|
| Kommunestyret - sakliste                                 |           | 22.05.14 |    |
| Kommunestyret - utvalg/utvalg                            | PS 76/15  | 22.05.14 | PS |
| 3. gangs behandling i det fjerde utvalget for planarbeid |           | 23.08.12 |    |
| 1. gangs behandling i det fjerde utvalget for planarbeid | PS 170/12 | 16.10.12 | PS |
| Kommunestyret - sakliste                                 |           | 10.12.11 |    |
| Uprøvet  |           | 14.01.11 |    |

PLANID: 2010100, ARKIVID: 20110100

| SAKS-NR.        | DATO       | SKJ. |
|-----------------|------------|------|
| PS 76/15        | 22.05.14   | PS   |
| PS 170/12       | 16.10.12   | PS   |
| PLANID: 2010100 | 2010100-02 | PS   |

Reguleringsplan Botnavegen slik det går fram av planomtale, plankart og føresøgnar datert 10.04.2014 vort godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

For Administrasjonssjefen  
Per Helles, Planleggjar



**Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

- Veg
- Fotsti
- Gang-rykkelag
- Arvan veggrunn - grøntareal
- Arvan barer grunn - grøntareal

**Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift**

- UFR-areal for nødvendige tiltak for UFR
- Ven av kulturlandskap eller kulturmiljø

**Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)**

- Bårengrens - Fiskeit
- Bårengrens eller liv om kulturlandskap

**Reguleringsplan- Føresognsområde (PBL2008 §12-7)**

**Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008**

- Skilingsgrense
- Båndeggingsgrense søverande
- Føresognsgrense

**Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**

- Planforslag (Regulerings- og utbyggingsplanområde)
- Planens utgangspunkt
- Formålsgrense
- Regulert søsterlinje
- Fiskeitlinje
- Regulert kant hjørnarene
- Regulert følgingsareal

Kartprosjekt i M: 1:1000  
Planarea er tilpasset til målestokk i M: 1:1000

Etviddelse 1 m  
Kartnettskala 1:1000




**REGULERINGSPLAN**  
**Botnavegen**


MED TILHØRENDE REGULERINGSBESTEMMELSER

Kartblad: 43  
Planid: 2011010  
Arkiv: 2011,2152

**SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN**

| Bebyggelse   | SAKS-NR.                 | DATO       | SIGN. |
|--|--------------------------|------------|-------|
| Kommunesjefens vedtak                                  |                          | 22.05.14   |       |
| Kommunesjefens uttalelse om planlagt                   | 22.72/14                 | 22.05.11   | PH    |
| 2. gangs behandling i det fjerde utvalg for planarbeid |                          |            |       |
| Utdrag av møteprotokoll                                | 23.30/2014               | 23.11.2014 |       |
| 1. gangs behandling i det fjerde utvalg for planarbeid | PS 192/12                | 16.10.12   | PH    |
| Erstatning av rapport av planarbeid                    |                          | 10.12.11   |       |
| Oppstartsmøte  |                          | 14.01.11   |       |
| PLANEN UTARBEIDET AV: Volda kommune                    | PLANSR. TEGNSR. SAKSBEH. |            |       |
|  | 2011010 2011010-03       | PH         |       |





Reguleringsplan Botnavegen slik det går fram av planantele, plankart og fersvegner datert 10.04.2014 vort godkjent i samvær med reglane i plan og bygningslova §12-12.

For Administrasjonssjefen  
 Par Hjeltnes, Planlegger  
 o.f.m. 12.11.2014


**VOLDA KOMMUNE**  
 PLANLEGGING


- Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
- Veg
  - Ferdsel
  - Org-fylteteleg
  - Annan veggrunn - grøntareal
  - Annan bevegelse - grøntareal
- Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift**
- UFR
  - UFR-areal for nødvendige tiltak for UFR
  - Vern av kulturlandskap eller kulturmiljø
- Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-5)**
- Sikringsone - Fritid
  - Bandsleggingsareal for arealutvikling
- Reguleringsplan- Føresøgnsområde (PBL2008 §12-7)**
- Føresøgnsområde
- Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008**
- Sikringsgrense
  - Bandsleggingsgrense overordnede
  - Føresøgnsgrense
- Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**
- Planfaste (Regulerings- og utbyggingsplanområde)
  - Planens si avgrensning
  - Føresøgnsgrense
  - Reguleringslinje
  - Frisiklingslinje
  - Reguleringslinje høringsbane
  - Reguleringslinje ledingsforfall

Kartrom: kg 1 M, 1:1 000  
 Planens og detaljkart 6a målestokk 1:1 000

Ekskludert 1 m  
 Kartblad: 44, 1:100

|   |                 |   |
|---|-----------------|---|
| <p><b>REGULERINGSPLAN</b><br/> <b>Botnavegen</b></p> <p>VED TILHØRENDE REGULERINGBESTEMMELSER</p> |                 | Kartblad: 44<br>Planid: 2011010<br>Arkivnr: 2011/2110 |
| <p><b>SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN</b></p>   |                 |   |
| <p>Revisjon</p>   | <p>SAKS NR.</p> | <p>DAFO</p>   |
| <p>Kommisjonsråd vedtok</p>   |                 | <p>SMN.</p>   |
| <p>1. Kommisjonsråd vedtok utarbeidning</p>   | <p>PS 16/11</p> | <p>22.05.14</p>                                       |
| <p>2. Føresøgnsgrense i det fersvegner og planer</p>  |                 | <p>PH</p>   |
| <p>Utsending utarbeidning til 23.03.2012 til 21.07.2012</p>                                       |                 |   |
| <p>3. Føresøgnsgrense i det fersvegner og planer</p>  | <p>PS 19/12</p> | <p>05.10.12</p>                                       |
| <p>4. Kartlegging av oppgjør av planarbeid</p>  |                 | <p>09.12.11</p>                                       |
| <p>Opprinnelse:</p>   |                 | <p>14.03.11</p>                                       |
| <p>PLANUTARBEID I AV: Volda kommune</p>   | <p>PS ANSR</p>  | <p>TEGNSR, SAKSBEH.</p>                               |
|   | <p>2011010</p>  | <p>2011010-01</p>                                     |







**Volda kommune**

## **Detaljregulering for kommuneveg Botnavegen**

### **Reguleringsføresegner**

Planidentifikasjon: **1519-2011-010**

Sak/arkivnr: **2011/2190 og 2012/384**

Planforslagsdato: **10.04.2014**

Plan godkjent av Volda kommunestyre i sak 71/14 den 22.05.2014.

Volda den 28.05.2014

For Rådmannen e.f. planleggar



### **§ 1 Generelt**

1.1 Formålet med reguleringsplanen er å avklare plassering og utforming av kommunal veg- Botnavegen med nytt fortau og tilhørende sideareal.

Det er behov for breiddeutviding -, betring av kurvatur og siktilhøve, og betring av bæreevna til vegen til min 10 t aksel-last av omsyn til bruk som skogsbilveg og annan transport.

Utvidinga skal og gje betra trafiktryggleik for mjuke trafikantar då dette er ein svært mykje nytta turveg med mange gåande/syklande.

1.2 Reguleringsføresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensene.

1.3 Opprusting av vegen og etablering av fortau er vurdert som eit reint miljøtiltak som ikkje endrar støytilhøva, og prosjektet medfører ikkje trafikkauke som tilseier behov for støyutgreiing og avbøtande tiltak.

1.4 Det kan ikkje byggjast andre avkjørsler frå kommunal veg enn dei som er viste i planen. Avkjørsler frå vegen skal byggjast og vedlikehaldas i samsvar med gjeldande vegnormal og forskrifter til § 43 i veglova.

#### **1.5 Kulturminne**

Det er registrert automatisk freda kulturminne innanfor og inntil planlagt vegområdet. To registrerte område er i plan vist med 5m sikringssone regulert til omsynssone d) med H\_730. Mot veg er denne sone d) avgrensa mot regulert vegområde (anna vegareal).

Del av sikringssona (5m) som ligg innanfor område regulert til vegformål – er vist som bestemmelsesområde.

For planområdet er det gitt fylgjande føresegner knytt til kulturminne:

##### **1.5.1- Generelt:**

Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne, skal arbeidet stogkast og fylkeskommunen-kulturavdelinga varslast for avklaring, jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

##### **1.5.2 – Omsynssone d), Idnr 169639 - Rotevatn 4:**

I området er det registrert automatisk freda kulturminne, jf kulturminnelova §3 og 4. Det kan ikkje gjerast inngrep i området utan at dette etter søknad til riksantikvaren er frigitt, jf lov om kulturminne §8. Soneavgrensinga skal gå klart fram av plankart, og skal synleggjerast under arbeid i området.

##### **1.5.3 - Omsynssone d), Idnr 173397 - Rotevatn 5:**

Området er vurdert til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne, jf kulturminnelova §3 og 4 og skal handterast som slikt område. I området er det også registrert nyare tids kulturminne –



stabbesteinar/grindsteinar og steingard- som skal takast vare på. Det kan ikkje gjerast inngrep i området utan at dette etter søknad til riksantikvaren er frigitt, jf lov om kulturminne §8. Soneavgrensinga skal gå klart fram av plankart, og skal synleggjerast under arbeid i området.

1.5.4 - Bestemmelsesområde #1 og #2 (jf Idnr 169639 og Idnr 173397):

Innanfor dette området kan det vere fornminne som det vert gitt dispensasjon for gjennom planhandsaming utan vilkår om nærare gransking.

1.5.5 -Bestemmelsesområde #3 (jf Idnr 173409):

Innanfor dette området ligg det fornminne som det vert gitt dispensasjon for gjennom planhandsaming utan vilkår om nærare gransking.

Stabbesteinar i området skal flyttast til ny ytterkant vegområde. Detaljløysing for dette skal gå fram av byggeplan.

1.5.6 - stabbesteinar(b,r,y,x,w,v,u,t og z,æ,ø,å):

Stabbesteinar langs sørsida av dagens veg som må flyttast/takast bort ved vegbygginga, skal setjast opp att langs ny vegkant. Løysing for dette skal gå fram av byggeplan

## § 2 Arealformål

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast til følgjande formål:

1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

- Kjøreveg
- Felles avkjørsle/veg
- Privat avkjørsle/veg
- Fortau
- Annan veggrunn

2. Omsynssoner – kulturminnelova §3 og 4

- omsynssone d) – H\_730
- bestemmelseområde # nr

## § 3 Områdeføresegner

8.1 Mellombels trafikkområde:

- Alt areal innanfor avsett planområde, med unntak av areal som inngår i omsynssone d) og som ikkje er frigitt etter kulturminnelova §8, kan under anleggsarbeidet mellombels nyttast som trafikkområde. Innan 1 år etter at mellombels bruk er avslutta skal områda vere bakkeplanert – med gode terrengtilpassingar, og re-vegetering vere sett i gong. Områda skal deretter gå over til regulert arealformål.

## § 9—SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

V1 er vist som offentleg veg.

Vegen er dimensjonert for 50 km/t (jf. siktkrav). Som del av utbyggingsplan skal det for strekninga profil 0 til profil 350 etablerast fartsgrenseskilting med 40 km fartsgrense.

I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablur.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar vist som anna trafikkareal eller LNF-areal.

Bruer og klopper for kryssing av elvar og bekkar skal dimensjonerast for å takle nedstraums vassmengde basert på avrenningsberekning og erfaringstal etter samråd med NVE.

Ved kryssing av elvar/bekkar kan berre tiltak knytt til gjennomføring av veganlegget, vegkropp og brukonstruksjon med tilhøyrande skjering /fylling etc. og tilhøyrande leidningar/kablar tillatast. Ut over dette skal ivaretaking av natur og miljøkvalitetar langs vassdraga sikrast ved minst mogeleg terenginngrep og ivaretaking av naturleg vegetasjon.

**§ 10—LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFØREMÅL (PBL. § 12-5, nr. 5)**

Gjeld alle LNF-område som grensar til vegareal. Jf elles §9 vedkomande skjering og fylling.

**§ 11—SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. I desse sonene kan det ikkje plantast vegetasjon som kan hindre fri sikt.

**§ 12 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

00000000000000000000000000000000

# AVTALE

Mellom Volda kommune (VK), org. nr. 939 760 946)

og

Magnus Eichinger Vassbotn, eigar av gnr. 28 bnr. 2 og 8

er det inngått slik avtale:

1. Grunneigaren avstår naudsynt grunn og tilhøyrande rettar til utbygging av Botnavegen. Avståinga går fram av reguleringsplan Botnavegen i samsvar med plan- og omtale dat. 10.4.14, godkjent i kommunestyret 22.5.14, sak 71/14, og vedlagde grunnevervskart dat. 18.9.14, der aktuelt areal er innafør raud ramme, og ca. areal er gjeve opp. Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljaren grunnen med alle påståande innretningar, vegetasjon m.m.
2. Partane er samde om at erstatninga skal fastsetjast av Søre Sunnmøre Tingrett som friviljug skjøn etter § 4 i skjønsløva. Vederlaget skal fastsetjast etter oreigningsrettslege prinsipp, som også skal gjelde sakskostnader, jamfør § 54 i skjønsløva.

Alle kostnader med tingrettskjønet, medrekna kostnader til nødvendig juridisk hjelp, vert dekt av Volda kommune. Kostnadane med eit mogleg overskjøn skal betalast i samsvar med reglane i § 43 i skjønsløva.

- 3 Kommunen får løyve til å ta grunnen i bruk straks dersom ein ønskjer det. Dersom dette vert gjort før det er halde skjøn, skal skjønnsretten fastsette rentefoten kommunen skal betale frå den datoen grunnen faktisk vert teken i bruk fram til datoen for rettskraftig skjøn. Frå rettskraftig skjøn til sluttoppgjersdato skal kommunen betale gjeldande morarente rekna av det til ei kvar tid uoppgjorte erstatningsbeløpet.
- 4 Seljar pliktar å utferde heftefritt(fritt for pengehefte og andre hefte som kan stå i vegen for kommunens bruk) skøyte, klart for tinglysning seinast 1 månad etter at dei har fått tilbod om oppgjer.
5. Grensene for parsellen kommunen skal overta skal nærare oppmålast. Kommunen syter for oppmåling av arealet og utferding av målebrev/matrikkelbrev utan kostnader for seljar.

Dersom oppmålingsmynde godkjenner det, kan areal som skal avståast overførast ved grensejustering.

Seljarane gjev kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning og å sende ut nabovarsel i samband med oppmåling av arealet så snart avtalen er underteikna av partane og godkjend av rette politiske styreorgan.

6. Evt. eksisterande gjerde vert flytta av kommunen til grense nytt vegområde.
7. Denne avtalen er bindande for seljarane ved underskrift og for kommunen ved ordføraren si underskrift etter nødvendig politisk godkjenning.
8. Tvist eller tvil om forståinga av denne avtalen vert avgjort ved ordinær rettargang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, 19/5 2016

Magnus Vassbot

eigar av gnr. 28 bnr. 2

\_\_\_\_\_  
Volda kommune v/ordføraren


G nr. 28 B nr. 2 og 8

Areal: 346,19 m<sup>2</sup>

Eier: Navn : Magnus Eichinger Vassbotn  
Gateadresse : Botnavegen 48  
6104 VOLDA

Kart:

Areal: 263,73 m<sup>2</sup>  
53,65 m<sup>2</sup>  
28,72 m<sup>2</sup>  
0,02 m<sup>2</sup>  
0,07 m<sup>2</sup>



18.9.14

# AVTALE

Mellom Volda kommune (VK), org. nr. 939 760 946)

og

Bjørn Magnar Rotevatn, eigar av gnr. 27 bnr. 1 og 19

er det inngått slik avtale:

1. Grunneigaren avstår naudsynt grunn og tilhøyrande rettar til utbygging av Botnavegen. Avståinga går fram av reguleringsplan Botnavegen i samsvar med plan- og omtale dat. 10.4.14, godkjent i kommunestyret 22.5.14, sak 71/14, og vedlagde grunnevervskart dat. 18.9.14, der aktuelt areal er innafør raud ramme, og ca. areal er gjeve opp. Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljaren grunnen med alle påståande innretningar, vegetasjon m.m.
2. Partane er samde om at erstatninga skal fastsetjast av Søre Sunnmøre Tingrett som friviljug skjøn etter § 4 i skjønnslova. Vederlaget skal fastsetjast etter oreigningsrettslege prinsipp, som også skal gjelde sakskostnader, jamfør § 54 i skjønnslova.

Alle kostnader med tingrettskjønet, medrekna kostnader til nødvendig juridisk hjelp, vert dekt av Volda kommune. Kostnadane med eit mogleg overskjøn skal betalast i samsvar med reglane i § 43 i skjønnslova.

- 3 Kommunen får løyve til å ta grunnen i bruk straks dersom ein ønskjer det. Dersom dette vert gjort før det er halde skjøn, skal skjønnsretten fastsette rentefoten kommunen skal betale frå den datoen grunnen faktisk vert teken i bruk fram til datoen for rettskraftig skjøn. Frå rettskraftig skjøn til sluttoppgjersdato skal kommunen betale gjeldande morarente rekna av det til ei kvar tid uoppgjorte erstatningsbeløpet.
- 4 Seljar pliktar å utferde heftefritt (fritt for pengehefte og andre hefte som kan stå i vegen for kommunens bruk) skøyte, klart for tinglysning seinast 1 måned etter at dei har fått tilbod om oppgjør.
5. Grensene for parsellen kommunen skal overta skal nærare oppmålast. Kommunen syter for oppmåling av arealet og utferding av målebrev/matrikkelbrev utan kostnader for seljar.

Dersom oppmålingsmynde godkjenner det, kan areal som skal avståast overførast ved grensejustering.

Seljarane gjev kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning og å sende ut nabovarsel i samband med oppmåling av arealet så snart avtalen er underteikna av partane og godkjend av rette politiske styreorgan.

6. Evt. eksisterande gjerde vert flytta av kommunen til grense nytt vegområde.
7. Denne avtalen er bindande for seljarane ved underskrift og for kommunen ved ordføraren si underskrift etter nødvendig politisk godkjenning.
8. Tvist eller tvil om forståinga av denne avtalen vert avgjort ved ordinær rettargang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, 18-5 2016

Bjørn Magne Rokvåg


eigar av gnr. 27 bnr. 1....

\_\_\_\_\_  
Volda kommune v/ordføraren

G nr. 27 B nr. 1 Areal: 3085,29 m<sup>2</sup>

Eier: Navn : Bjørn Magnar Rotevatn  
Gateadresse : Botnavegen 18  
6104 VOLDA

Kart: Areal: 544,27 m<sup>2</sup>  
1686,82 m<sup>2</sup>  
218,51 m<sup>2</sup>  
39,43 m<sup>2</sup>  
596,26 m<sup>2</sup>  
m<sup>2</sup>




13.9.14



G nr. 27 B nr. 19 Areal: 178,61 m<sup>2</sup>

Eier: Navn : Bjørn Magnar Rotevatn  
Gateadresse : Botnavegen 18  
6104 VOLDA

Kart: Areal: 178,61 m<sup>2</sup>  
m<sup>2</sup>  
m<sup>2</sup>  
m<sup>2</sup>



18.9.14

48

# AVTALE

Mellom Volda kommune (VK), org. nr. 939 760 946)

og

Paul Robert Rotevatn, eigar av gnr. 27 bnr. 3

er det inngått slik avtale:

1. Grunneigaren avstår naudsynt grunn og tilhøyrande rettar til utbygging av Botnavegen. Avståinga går fram av reguleringsplan Botnavegen i samsvar med plan- og omtale dat. 10.4.14, godkjent i kommunestyret 22.5.14, sak 71/14, og vedlagde grunnevervskart dat. 18.9.14, der aktuelt areal er innafor raud ramme, og ca. areal er gjeve opp. Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljaren grunnen med alle påståande innretningar, vegetasjon m.m. Grunneigar og Volda kommune har i lag gjort særskilde avtalar knytt til detaljløysingar for tunområdet til 27/3. I dette inngår:

Grunneigar har hatt avklaringsmøter med utbyggar, der detaljar knytt til forhold som omhandlar gbr. 27/3 har vore diskutert. Partane har med dette kome fram til ei felles tilråding. Tilrådinga ligg som vedlegg 1 til denne avtalen, og vil danne grunnlaget for samarbeidet mellom partane.

2. Partane er samde om at erstatninga skal fastsetjast av Søre Sunnmøre Tingrett som friviljug skjøn etter § 4 i skjønsløva. Vederlaget skal fastsetjast etter oreigningsrettslege prinsipp, som også skal gjelde sakskostnader, jmfør § 54 i skjønsløva.

Alle kostnader med tingrettskjønet, medrekna kostnader til nødvendig juridisk hjelp, vert dekt av Volda kommune. Kostnadane med eit mogleg overskjøn skal betalast i samsvar med reglane i § 43 i skjønsløva.


- 3 Kommunen får løyve til å ta grunnen i bruk straks dersom ein ønskjer det. Dersom dette vert gjort før det er halde skjøn, skal skjønnsretten fastsette rentefoten kommunen skal betale frå den datoen grunnen faktisk vert teken i bruk fram til datoen for rettskraftig skjøn. Frå rettskraftig skjøn til sluttoppgjersdato skal kommunen betale gjeldande morarente rekna av det til ei kvar tid uoppgjorte erstatningsbeløpet.
- 4 Seljar pliktar å utferde heftefritt (fritt for pengehefte og andre hefte som kan stå i vegen for kommunens bruk) skøyte, klart for tinglysning seinast 1 måned etter at dei har fått tilbod om oppgjer.
5. Grensene for parsellen kommunen skal overta skal nærare oppmålalt. Kommunen syter for oppmåling av arealet og utferding av målebrev/matrikkelbrev utan kostnader for seljar.

Dersom oppmålingsmynde godkjenner det, kan areal som skal avståast overførast ved grensejustering.

Seljarane gjev kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning og å sende ut nabovarsel i samband med oppmåling av arealet så snart avtalen er underteikna av partane og godkjend av rette politiske styreorgan.

6. Evt. eksisterande gjerde vert flytta av kommunen til grense nytt vegområde.
7. Denne avtalen er bindande for seljarane ved underskrift og for kommunen ved ordføraren si underskrift etter nødvendig politisk godkjenning.
8. Tvist eller tvil om forståinga av denne avtalen vert avgjort ved ordinær rettgang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, 10/6 2016



eigar av gnr. 27. bnr. 3....

\_\_\_\_\_  
Volda kommune v/ordføraren



## Prosjekt: Botnavegen

## Avtale mellom Volda kommune og Paul Robert Rotevatn (27/3)

| Punkt | Emne                               | Utdjupande  |
|-------|------------------------------------|---|
| 1     | Kort steingard på nedsida av vegen | Steingarden i bytet til 27/12 vert plukka ned. Grunneigar får steinane. Som erstatning for steingarden, set ein opp nokre få stabbesteinar for å markere byte til 27/12.  |
| 2     | Stabbesteinar                      | Generelt gjeld at stabbesteinar som vert røyvde av tiltaket, skal flyttast til ny vegkant. Ved ny plassering av stabbesteinar, er det viktig at ein tek omsyn til veg-vedlikehald.<br><br>Eksakt plassering av stabbesteinar gjerast ei vurdering på ved ferdigstilling. Dette må tilpassast på staden, og ny plassering avtalast i samråd med grunneigar. Føringer frå Møre og Romsdal Fylkeskommune kan likevel overstyre dette.  |
| 3     | Bestemmelsesområde 2               | Det skal førast opp terrengmur i naturstein på oppsida av fortuet. Partane er samde om at ein ikkje replantar tujahekk. I staden monterast det plastbelagt flettverksgjerde på ny terrengmur. For innfesting av gjerdestolpar, støyper ein ei murkrone i betong på toppen av natursteinsmuren.<br><br>Eksisterande stabbesteinar i dette området monterast bak flettverksgjerdet (mellom gjerdet og husmur).<br><br>Høgde på terrengmuren vil følgje terrengnivået på plenen. Muren må tilpassast eksisterande terreng, og samanføyast tilfredsstillande til eksisterande natursteinsmur v/sør-austre hushjørnet.<br><br>Ev. brøyteskadar på muren har sjølvstøtt vegeigar ansvar for å rette opp i.  |
| 4     | Flaggstang                         | Viss eksist. flaggstang kjem i konflikt med ny veglinje, skal den flyttast. Ny plassering skal då avklarast med grunneigar.   |
| 5     | Garasje                            | Kommunen løyser ut denne. Kommunen riv bygninga på rimelegaste måte, og står for handtering og levering av rivingsavfallet. Utførande entreprenør prisar rivingsarbeidet som RS.<br><i>Ersättning faktisk i skjønnet, jmf. pkt. 2 i hovedavtalen.</i>   |
| 6     | OV frå Markavegen                  | Grunneigar har ingen innvendingar på at OV frå Markavegen førast til Rotevasselva, med utløp litt nedanfor brua.  |
| 7     | Gatelys                            | Ved etablering av nye gatelys, skal nye lyktestolpar plasserast slik at ein unngår at gatelys vert sjenerande innvendig i bustadhus.  |
| 8     | Tunområde ved løde                 | Partane tilrår at innteikna avkøyrsla flyttast litt mot aust. Mellom denne avkøyrsla og Rotevasselva, set ein opp terrengmur i naturstein (i samsvar med planomtale).<br><br>I tillegg er det semje om at ein hevar terrenget på plassen mellom eksisterande garasje og Storeelva. Dette for å jamne ut terrengnivået mellom ny veg og plassen ved driftsbygninga. Utan terrengheving, vil ein få ei dump framføre lødebrua, som er ugunstig mtp. tilkomst inn til løda.<br><br>For å ta opp terrenget, set ein vidare opp terrengmur frå lødebrua og rett austover heilt til Storeelva. Mot aust må det opp ein mur langs Rotevasselva. Det inneber ein viss risiko å byggje på eksisterande elvemur. Ein legg difor muren litt inn på området vekk i frå elvekanten (på trygg grunn). Eksisterande mur/landkar skal ikkje fjernast. Ein murer |



## VOLDA KOMMUNE – TEKNISK AVDELING

|    |   |   |
|----|---|---|
|    |   | <p>omlag 0,5-1,0 m (éi eller to steinhøgder), og hevar terrenget opp til OK mur. Grunneigar står for gjerde mot elv.</p> <p>Plassen skal asfalterast. Kommunen dekkjer asphalt tilsvarande det som vert fjerna. Grunneigar dekkjer resterande sjølv. Areal må oppmålast og beskrivast i anbudsgrunnlag til entreprenørar.</p> <p>Generelt for dette området gjeld at kotehøgder og terrengnivå, er avklaringar som partane må kome tilbake til i utføringsfasen. Dette må tilpassast og justerast på staden, og etter samråd med grunneigar. Kommunen legg opp til ei formålstjenleg løysing for både grunneigar og for vegtrafikanter.</p>   |
| 9  | Avkøyrslé på nordside                     | <p>Nytt avkøyrslépunkt plassert mellom våningshus og Rotevasselva, kan etablerast på nærmare vilkår:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• At siktilhøva vert ivaretekne med utgangspunkt i ei dimensjonerande fart på 40 km/t i Botnavegen. Siktkrav frå eit punkt i avkøyrslé 2 m inn frå vegskulder (frå kantstein mellom køyreveg og fortau): 30 m i kvar retning i 0,5 m høgde over vegnivå i avkøyrslé. Vegetasjon/konstruksjonar må ikkje plasserast slik at sikt vert hindra.</li><li>• Krav til kurvatur/hjørneavrunding i avkøyrslé. Tilrådd radius 3,5 m på h.h.v. høgre og venstre side i avkøyrslé.</li><li>• Stigning/fall i avkøyrslé: Frå fortauskant og 2 m inn skal avkøyrslé liggje 5 cm lågare enn vegkant, deretter overgang og tilpassing tomt.</li><li>• Det må opparbeidast parkeringsplass og snuplass inne på eigen eigedom, slik at ein unngår rygging på hovudvegen ved ut- og eller innkøyring frå eigedomen.</li><li>• Prosjektering av avkøyrslé med situasjonsplan, lengdeprofil og naudsyn-teverrprofilar må utførast av sakkunnig og vil vere søknadsppliktig.</li><li>• Volda kommune minner om at dette er eit uregulert område, og at Møre og Romsdal Fylkeskommune kan ha innvendingar på ev. utbygging innanfor dette arealet. Dette med omsyn til ev. kulturminner og ev. naudsynt arkeologisk registrering. Slike avklaringar må ev. grunneigar sjølv stå for.</li></ul> |
